



Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Plan – og økonomiutvalet i Fræna kommune	141/2013	04.11.13

Sak til høringsuttale:

Statnetts søknad om dispensasjon frå konsesjonsvilkår for bruk av Statnetts reservekraftverk på Nyhamna, jfr. Energilovforskriften §9-4.

Vedlegg:

Kopier av

1. Følgjebrev frå Olje- og energidepartementet datert 15.10.2013
2. Statnetts søknad om dispensasjon frå konsesjonsvilkåra – datert 13.09.2013
3. Vedleggsbrev frå Norges vassdrags- og energidirektorat datert 03.10.2013
4. Arkivsak Fræna kommune 2008/2917-4, 6 og 9

Saksopplysningar

Bakgrunn:

Fræna kommune har fleire gongar tidlegare gjeve uttale i samband med søknadar frå Statnett om endringar i konsesjonsvilkåra for reservekraftverka både på Nyhamna og Tjeldbergodden. I dette tilfelle gjeld det berre reservekraftverket på Nyhamna.

I sine nytteberekningar av reservekraft som tiltak på Nyhamna og Tjeldbergodden, la Statnett til grunn i sin konsesjonssøknad

- eit behov for reservekraftproduksjon i eitt av 20 år
- ein maksimal produksjonskapasitet på 150 MW
- ein maksimal driftsperiode i eventuelle år reservekraftverket vert sett i drift på 5 månader
- ved 5 månaders drift gjev Statnett opp utsleppa til å vere på 367.000 tonn CO₂ og 307 tonn NO_x

Statnett søkte om dispensasjon iht. til energilovforskriftas §9-4 frå vilkåret i anleggs-konsesjonane for reservekraftverka på Nyhamna og Tjeldbergodden, om at de berre kan brukast i tilfelle SAKS (svært anstrengt kraftsituasjon), iht. følgjande:

1. Dispensasjonen gjeld dersom det oppstår ein vanskeleg driftssituasjon i Midt-Noreg og systemansvarleg vurderer at bruk av reservekraftverka er naudsynt for å handtere situasjonen.
2. Dispensasjonen gjeld reservekraftverka på Nyhamna og Tjeldbergodden
3. Systemansvarleg kan bestemme om og når reservekraftverka skal setjast i drift, jfr. forskrift om systemansvaret i kraftsystemet § 12, fjerde og femte ledd.
4. Dispensasjonen gjeld for veke 1 til veke 20 kvart år fram til linja Ørskog – Fardal vert sett i drift og fell då bort utan nærare varsel

Med dette som bakgrunn kan Statnett fatte vedtak om idriftssetting av reservekraftverka som siste verkemiddel i vanskelege driftssituasjonar etter forskrift om systemansvaret i kraftsystemet § 12 fjerde ledd, kor all anna tilgjengeleg reguleryting er forsøkt rekvirert, og kor einaste alternative tiltak vil vere utkopling av forbruk. Statnett skal uansett ikkje starte meir kapasitet enn kva situasjonen krev, og utsleppa skal avgrensast så langt som muleg.

Statnett søkte om utvida utsleppsløyve og at anlegget på Nyhamna skulle kunne setjast i drift i løpet av ca. 4 timar, og at anlegget på Tjeldbergodden skulle kunne setjast i drift innan ca. 72 timar.

Med denne bakgrunn har Olje- og energidepartementet (seinare kalla OED) ved kongelig resolusjon av 17. desember då gjeve Statnett dispensasjon frå konsesjonsvilkåra for veke 1 til veke 20 i år 2011.

Tilsvarande har Miljøverndepartementet (seinare kalla MD) gjeve Statnett løyve, dagsett 17. desember 2010, til ei midlertidig endring av utsleppsløyvet for veke 1 til veke 20, år 2011. Etter dette tidspunktet skulle løyvet falle bort utan nærare varsel.

I brev av 6. desember 2010 søkte Statnett om endring av utslippstillatelsen for reservekraftanleggene på Nyhamna og Tjeldbergodden. Miljøverndepartementet endrer i dette vedtaket utslippstillatelsen med virkning for uke 1 til uke 20 i år 2012, 2013 og 2014.

I brev av samme dato søkte Statnett Norges vassdrags- og energidirektorat om dispensasjon for bruk av to mobile gasskraftverk på Tjeldbergodden og Nyhamna. De to reservekraftverkene har anleggskonsesjon etter energiloven gitt av Norges vassdrags- og energidirektorat etter delegasjon fra Olje og energidepartementet.

Fra Statnetts søknad vil en sitere:

« Statnett ønsker å kunne benytte reservekraftverkene i en vanskelig driftssituasjon eller ved driftsforstyrrelser i kraftsystemet som forsyner Midt-Norge med strøm. Statnett søker derfor om utvidet utslippstillatelse for reservekraftverkene på Tjeldbergodden og Nyhamna for uke 1 til 20 hvert år frem til idriftssettelse av linjen Ørskog – Sogndal. Statnett vurderer at ved denne linjens igangsettelse vil driftssituasjonen være så god at det da ikke lenger vil være behov for effekten fra reservekraftverkene.

Statnett opplyser at de har en rekke andre virkemidler som kan brukes i vanskelige driftssituasjoner og ved driftsforstyrrelser, og at disse vil bli benyttet før en starter reservekraftverkene. Statnett vurderer det som mest sannsynlig at reservekraftverkene ikke vil bli satt i drift.»

Ved brev av 30.11.2011 fra Olje- og energidepartementet ble dispensasjonen utvidet til å gjelde «perioden uke 1 – 20 hvert år fra 2012 til 420 kV kraftledningen Ørskog – Sogndal er idriftsatt»

Etter dette har Statnett adgang til å kjøre reservekraftverkene i følgende tilfelle:

1. Ved en SAKS-situasjon, etter forutgående godkjenning av NVE
2. Ved en vanskelig driftssituasjon eller en driftsforstyrrelse, jfr.forskrift om systemansvaret i kraftsystemet §12, 4. og 5.ledd, i ukene 1 – 20 frem til Ørskog – Sogndal er satt i drift.

For fullstendighetens skyld presiseres det at utslippstillatelsen vedr. pkt. 1 og 2 er begrenset til 2014. Forventet idriftsettelse av Ørskog – Fardal er nå 2016. Statnett vil ta initiativ ovenfor miljøvernmyndighetene med sikte på å få utvidet utslippstillatelsen i henhold til dette.

Det har hittil ikke vært behov for å kjøre reservekraftverkene annet enn ved testing og vedlikehold.

Utslipp ved kjøring som beskrevet er 85 tonn CO₂ pr. time. Separat søknad om kvotepliktige utslipp og andre forhold omkring utslippene vil bli sendt Miljøverndepartementet og Miljødirektoratet.

Det fremgår ellers av søknaden at « Idriftsettelse av Ørskog – Sogndal ikke vil avhjelpe situasjonen ved feil på ledningen Viklandet – Fræna. Statnett ser imidlertid som hensiktsmessig å begrense denne søknaden om dispensasjon i tid frem til dette tidspunktet. Det er naturlig i tiden fram mot idriftsettelse av Ørskog – Sogndal. Å foreta en mer helhetlig vurdering av reservekraftverkene og hvilken nytte de da kan ha for kraftsystemet.

I tillegg vil en peke på at Olje- og energidepartementet har satt i gang et arbeid – ledet av Ormen Langes operatør Shell – for å utrede en langsiktig løsning for sikker kraftforsyning av Ormen Lange. Statnett mener at dette arbeidet er viktig for å sikre en slik løsning.

Vurdering.

Som nemnt i innleiinga har Fræna kommune gjeve fleire uttalar i samband med både oppføring av reservekraftverka og seinare dispensasjonssøknadar for å kunne ta reservekraftverka i bruk. Som vedlegg til saka ligg kopi av tidlegare dokument frå politiske handsamingar. Frå Fræna kommune si side har det vore sett fokus på

1. Dei mest utsette områda for NO_x nedfall er i Gule-/ Stavikmyrane naturreservat i Fræna kommune
2. Reservekraftverka har ein verknadsgrad på < 30%
3. Det må snarast byggast eit permanent gasskraftverk her i området slik at ein har ei framtidretta løysing og at reinseinstallasjonar vert montert så snart teknologien er på plass

Det har i fleire år vore sett fokus på linja frå Fardal til Ørskog og at denne skulle sikre framtidig kraft inn i regionen. Frå «ikkje fagleg» hald har det vore hevda at dette ikkje ville vere god nok løysing, i og med at det framleis vil vere berre ein radial ut til Nyhamna. Viss linja frå Viklandet til Fræna får utfall, vil Nyhamna falle ut.

På eit tidleg stadium i samband med utbygginga på Nyhamna, uttrykte Statnett at den mest ideelle plasseringa av ei gasskraftverk ville være i nærleiken av området der gassen kjem i land og der krafta blir brukt. Med dette som bakgrunn vart selskapet Industrikraft Møre AS etablert og tomt vart sikra i samband med Hustadmarmor AS i Fræna. Dette i staden for å sende gassen

ned på kontinentet for kraftproduksjon og transport i kraftlinjer tilbake til forbrukssteda. Ei slik løysing vil auke CO2 produksjonen med ca. 10 % pga. tapa i kraftlinjene frå kontinentet og opp til vår region.

I samband med den føreståande utbygginga på Nyhamna vil kraftbehovet bli auka frå 180 – ca. 300 MW. Dette vil forsterke behovet for sikker krafttilgang ytterlegare for å sikre gasstilførselen til brukarane i England og ned på kontinentet.

I Statnetts søknad pkt. 6 2. avsnitt 2 og 3 står følgjande:

« Idriftssettelse av Ørskog – Sogndal vil imidlertid ikkje avhjelpe Ormen Langes situasjon ved feil på ledningen Viklandet –Fræna. Statnett ser det imidlertid som hensiktsmessig å begrense søknaden om dispensasjon i tid frem til dette tidspunktet. Det er naturleg i tiden frem til idriftssettelse av ørskog – Sogndal å foreta en mer helhetlig vurdering av reservekraftverkene og hvilken nytte de da kan ha for kraftsystemet.

I tillegg vil vi peke på at Olje- og energidepartementet har satt i gang et arbeid – ledet av Ormen Langes operatør Shell – for å utrede en langsiktig løsning for sikker kraftforsyning av ormen Lange. Statnett mener at dette arbeidet er viktig for å sikre en slik løsning.»

I følgebrevet til søknaden fra Statnett fra Norges vassdrags- og energidirektorat datert 03.10.2013 fremgår det under avsnittet «Vurdering» 4. avsnitt:

«Svak forsyningssikkerhet for kraft til Ormen Lange er samtidig en tilstand som ikke opphører med etableringen av ny kraftoverføring fra Sogndal til Ørskog. Det er også usikkert hvilken rolle reservekraftverkene kan ha i en permanent løsning for sikker kraftforsyning»

NVE anbefaler at det gis dispensasjon for bruk av reservekraftverket på Nyhamna ved brudd på kraftoverføringen fra Viklandet til Nyhamna.

Rådmannens tilråding:

- 1. Olje- og energidepartementet må snarast muleg leggje til rette ei permanent løysing for leveringstryggleiken i ytre Romsdal og sjå til at Statnett si løysing ikkje er til hinder for dette.**

2. **Kostnadane til drifta av reservekraftverket, som no i realiteten vil verte eit dedikert anlegg for aktiviteten på Nyhamna, må dekkast av dei som har nytte av anlegget og ikkje belastas sentralnettstariffen og landbasert konkurranseutsett industri**
3. **Fræna kommune krev ei oppfølging av resultata i prøvetakingsområdet for NOx-nedfall snarast muleg og kommunen må fortløpande haldast orientert om resultata av målingane.**
4. **Tiltakshavar må ta ansvar og kostnaden for gjennomføring av ev. avbøtande tiltak.**

Behandling i Plan- og økonomiutvalet i Fræna kommune - 04.11.2013

Handsaming i møtet:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. Olje- og energidepartementet må snarast muleg leggje til rette ei permanent løysing for leveringstryggleiken i ytre Romsdal og sjå til at Statnett si løysing ikkje er til hinder for dette.
2. Kostnadane til drifta av reservekraftverket, som no i realiteten vil verte eit dedikert anlegg for aktiviteten på Nyhamna, må dekkast av dei som har nytte av anlegget og ikkje belastas sentralnettstariffen og landbasert konkurranseutsett industri
3. Fræna kommune krev ei oppfølging av resultatata i prøvetakingsområdet for NOx-nedfall snarast muleg og kommunen må fortløpande haldast orientert om resultatata av målingane.
4. Tiltakshavar må ta ansvar og kostnaden for gjennomføring av ev. avbøtande tiltak.